



Masfjorden kommune



Kommunedelplan

for oppvekst 2014 - 2026

INNHALDSLISTE

Innleiing	s.3
Om planarbeidet	s.4
Nasjonale mål og føringar	s.5-6
Status og utfordringar i dei ulike områda innan oppvekst	
- Barnehage	s.7
- Skule og SFO	s.8 - 9
- PPT	s.10
- Idrettsskulen	s.11
- Kulturskulen	s.12
- Kultur og frivillig arbeid	s.13
- Barnevernstenesta	s.14
Slik vil me ha det i oppvekst i Masfjorden	s.15
Overordna mål og delmål	s.16 - 19
Korleis løyser me problemstillingane som finst i sektoren	s.19 - 22
Me er stolte av eit oppvekstmiljø der...	s.22

INNLEIING

I kommuneplanen har me gripe tak i dei viktige utfordringane for Masfjorden. Me har sett mål for samfunnet vårt i framtida og formar strategiar og tiltak for å nå måla. Kommuneplanen sin samfunnsdel skal fortelja korleis me meiner me kan skapa eit best mogleg samfunn – både for oss og dei som kjem etter oss.

Kommuneplanen sin samfunnsdel er ein langsiktig plan, med brei samfunnsmessig tilnærming, som konkretiserer politiske mål og visjonar for utviklinga av Masfjorden kommune. Planen trekkjer opp visjonar og mål for kommunen både som samfunn, som myndigheit og som tenesteytar. Kommuneplanen skal vera ein lokalpolitisk styringsreiskap i samspel med nasjonale og fylkeskommunale planar og føresegner. Plan for oppvekst er ei vidareføring av denne og skal hjelpa oss å gå i djupna på korleis me skal bruka denne sektoren for å nå måla våre. I tillegg skal me sjå på kva politiske mål me skal ha for området og kva faglege problemstillingar som er dei viktigaste i åra som kjem.

Også arealdelen gjev grunnleggjande føringar for Masfjorden som kommune å veksa opp i. Tilrettelegginga av stader å leike, samlast og driva fysisk aktivitet, ikkje berre gjennom organisasjonane våre, men òg som uformelle og uorganiserte møtestader, har innverknad på det endelege resultatet og for korleis Masfjorden kommune er å bu i.

Fleire av utfordringane oppvekstsektoren møter er felles med kommunen og regionen elles. Både nedgang i elevtal og vanskar med rekruttering og små fagmiljø er knytt til manglande vekst i folketalet. Transport og kommunikasjon internt i kommunen kan styrkast ved hjelp av bru over Masfjorden og betre vegar.

På nokre område er oppvekst ein god støttespelar for å nå høgare politiske mål. Eit viktig spørsmål i arbeidet med Oppvekstplanen 2014 – 2026 må vera: Korleis kan oppvekstsektoren gjennom sitt faglege arbeid gjere noko for å nå det lokalpolitiske mål om folketalsauke?

Kva strategiar skal me ha for å nå overordna mål, gitt dei ressursane som me har? Kva er moglege handlingsalternativ?

Planen er bygd opp slik: På sidene 7 til 14 finn ein oversyn over status og utfordringar på dei ulike områda som er med i planen: Barnehage, skule og SFO, PPT, tverrfagleg samarbeid, idrettsskulen, kulturskulen, kultur og frivillig arbeid og barnevernstenesta. Frå side 15 til 18 handsamar me dei fem overordna måla i planen. Side 19 – 22 er ei fagleg drøfting av dei utfordringane me ser innanfor sektoren. Handlingsplanen med 7 punkt kjem som eit vedlegg til kommunedelplanen.

OM PLANARBEIDET

For alle kommuneplanar er det krav om utarbeiding av planprogram, jmf. plan- og bygningslova sin §4-1 og §11-13. Planprogramma skal gjera greie for føremålet med planarbeidet, planprosessen med fristar og deltakarar, opplegg for medverknad særskilt for grupper som vert omfatta og kva som skal utgreiast i planarbeidet. Planprogram vart utarbeida før ein starta opp det formelle arbeidet med kommunedelplan for oppvekst. Hovudmålsettingane som kom med i planprogrammet vart teke ut frå kommuneplanen sin samfunnsdel, i tillegg vart det formulert ulike faglege mål og strategiar. Formannskapet drøfta framlegg til planprogram i eiga sak 085/13 den 03. desember 2013, og gjorde vedtak om å senda dette ut på høyring.

Planprogrammet for kommunedelplan for oppvekst 2014 – 2026 vart godkjent i kommunestyret den 6. februar 2014 som sak 005/14. Her bestemte kommunestyret at ein ville synleggjera målet om å laga ein heilskapleg og overordna plan for oppvekst. Det vart samstundes gjort tydeleg at ein ønskte ein brei medverknad i planprosessen. Både det som vart omfatta av planen, og det som ikkje skulle vera tema vart gjort klårt i planprogrammet.

I planprogrammet vart det slått fast at formannskapet skulle vera styringsgruppe for planarbeidet, og at hovudtyngda av arbeidet skulle verta organisert og leia i ei prosjektgruppe på 7 personar samansett av administrative fagpersonar og rådmann. I tillegg vert det oppnemnt ei ressursgruppe med deltakarar frå fleire fagmiljø, tillitsvalde og brukargrupper, mellom anna representantar frå FAU frå alle skulane. Framdriften til planarbeidet vart skissert, og målet var ferdig godkjent plan i laupet av 2014.

NASJONALE MÅL OG FØRINGAR

Tenesteområdet oppvekst er i stor grad styrt av nasjonale føringar. Lov om grunnskulen og vidaregåande opplæring (Opplæringslova) av 1998, sist endra i 2014, legg dei sentrale føringane for grunnskulen og vidaregåande opplæring. Læreplanen Kunnskapsløftet frå 2006 er vedteken som forskrift og er styrande for den daglege verksemda i klasserommet. Til læreplanverket høyrer også «Prinsipp for opplæringa» som er som eit bindeledd mellom Generell del av læreplanen og fagplanane.

Lov om barnehagar (barnehagelova) av 2006, sist endra i 2013, er på same måten saman med «Rammeplanen» styrande for verksemda i barnehagane. Forskrift til Opplæringslova og fleire forskrifter til barnehagelova gjev meir detaljar om korleis grunnskule og barnehage skal drivast.

Regjeringa har vidare gjennom stortingsmeldingar omtalt dei utfordringar ein ser på visse område innanfor dette feltet. Dei mest aktuelle stortingsmeldingane er St.meld 24, 2013 «Framtidens barnehage», St.meld 22, 2013: «På rett vei» (om grunnopplæringa), St. meld 22, 2011 «Motivasjon, mestring, muligheter» (om ungdomssteget).

I «Framtidens barnehage» vert måla for barnehage formulert slik:

- **Retten til plass blir innfridd.**
- **Det skal være likeverdig og høy kvalitet i alle barnehager.**
- **Alle barnehager skal være en god arena for omsorg, lek, læring og dannings.**
- **Alle barn skal få delta aktivt i et inkluderende fellesskap.**
- **Prisen skal være så lav at alle som ønsker det, skal ha råd til å ha barn i barnehage**



Vidare vert det lagt vekt på både barnehagen som velferdsordning og barnehagen som barndomsarena og fyrste steg i utdanninga.

I «Motivasjon, mestring, muligheter» seier regjeringa at det er nokre område som er særleg sentrale for å få til ei fornying og ei styrking av ungdomssteget. Desse områda er: auka valfridom gjennom innføring av valfag, god læring og godt læringsmiljø gjennom betre klasseleiing og betre opplæring i rekning og lesing.

I «På rett vei» seier regjeringa at grunnopplæringa står overfor fire hovudutfordringar i åra framover. Desse utfordringane er:

1 Betre læringsutbytte for alle: «I årene framover er det viktig å heve både elever med faglig svake og elever med sterke forutsetninger samtidig».

2 Høgare gjennomføring i vidaregåande opplæring: «eksisterende tiltak for økt gjennomføring av vidaregåande opplæring må videreføres og forsterkes, særlig knyttet til elevenes læringsutbytte i grunnskolen...»

3 Meir relevante utdanningstilbod i vidaregåande opplæring: «selv om grunnopplæringen i stor grad utdanner ungdom med kompetanse som verdsettes av arbeidsmarkedet, fungerer ikke overgangen til arbeidsmarkedet godt nok for alle deler av fag- og yrkesopplæringen».

4 Inkludering, meistring og det breie samfunnsmandatet: «Et godt læringsmiljø for alle elever er både et mål i seg selv og et middel for å oppnå betre læringsutbytte og gjennomføring av vidaregåande opplæring».


Desse styringssignala frå statleg hald har me prøvt å ta omsyn til i planarbeidet.

STATUS OG UTFORDRINGAR

Barnehage:

Masfjorden har 3 kommunale barnehagar ; Indre Masfjorden barnehage 2 avdelingar, Sandnes barnehage 3 avdelingar og Nordbygda barnehage 3 avdelingar. Totalt har 89 barn plass frå august 2014. Me har 100 % barnehagedekning og Masfjorden kommune har fortløpande opptak.

Barnehagane har i alt 26,43 årsverk. Av desse er 10,8 barnehagelærarar (inkl. styrarar), 5,6 barne- og ungdomsarbeidarar, 1 annan fagarbeidar og 9,03 assistentar.



Barnetal krinsvis pr aug-14

Tal barn i barnehagane pr aug-14

- Vi har ein barnehageplan for Masfjorden kommune sine barnehagar som beskriv mål og tiltak for satsingsområda våre
- Barnehagane treng auka fagkompetanse i personalet.
- Det er satsa på å lage gode uteområde i alle barnehagane dei siste åra
- Nordbygda barnehage brukar lokale på Nordbygda skule til førskulegruppa fram til 01.08.15
- Barnehagane brukar lokalmiljøet aktivt. Godt samarbeid med kulturskulen.
- Barnehagane har eit godt samarbeid med helsesøster, barnevern, PPT og BUP i saker som gjeld enkeltbarn.
- Foreldrekontakten er god og brukarane er fornøgd med tilbodet dei får.

UTFORDRINGAR :

- Utviklinga i barnetalet (varierer frå oppvekstområde til oppvekstområde år for år)
- Barnehagebygga treng kontinuerleg vedlikehald/tilpassing til dagens behov
- Nordbygda barnehage treng utvida areal for å kunne ta imot barn fortløpande gjennom året.
- Alle barnehagane har behov for lydisolert møterom , rom for spesialpedagogikk/språktrening, lagerplass og kontorarbeidsplassar for tilsette
- Utarbeide kompetanseutviklingsplan
- Med fortløpande opptak vert det vanskeleg å rekruttere pedagogar i små stillingar. Det faglege miljøet vert lite i dei barnehagane som manglar både pedagogar og fagarbeidarar.
- Det vert viktig at pedagogar med særskilt kompetanse innan eit fagområde jobbar i dei barnehagane der kompetansen trengs.
- I Masfjorden skal vi ha eit etablert samarbeid – tidleg tiltak, varig verknad – i alle dei 3 oppvekstområda våre. Det er ei utfordring at dette ikkje fungerer like godt i alle oppvekstområda

- Sjå på organiseringa av barnehagesektoren, for å få ned utgiftene med 10% totalt sett, slik at vi kjem på same nivå som kommunar vi kan samanlikne oss med .

Skule og SFO :

Masfjorden kommune har tre 1-10-skular med til saman 198 elevar skuleåret 2014-15. Det er SFO-tilbod på kvar skule. Skulane har til saman 48 tilsette i pedagogiske stillingar(3850 %), av desse er 3 ufaglærte i til saman 122 %. I assistentstillingar har me 8 tilsette i 685%. Personalet har høg utdanning. Kommunen har satsa mykje på vidareutdanning med 30 studiepoeng i viktige fag; engelsk, matematikk, norsk, naturfag, spesialped. og mat og helse. Lærarar frå alle skulane har delteke på denne vidareutdanninga. Me opplever stor stabilitet i lærarstaben, svært liten gjennomtrekk.

Masfjorden bruker meir ressursar enn gjennomsnittet på skule. Auka bruk av ressursar til spesialundervisning. For skuleåret 2014-15 er det sett av 91 timar pr. veke til spesialundervisning. Det utgjør 12 % av det totale timetalet. I tillegg kjem assistenttimar.

Utgifter pr. elev i grunnskulen 2013:

Modalen	Masfjorden	Fedje	Lindås	Austrheim	Radøy	Meland	Osterøy	Gj.snitt
185000	179000	159000	108000	120000	114000	96000	96000	99000

Ein stor del av tilsette i assistentstillingar har fagbrev.

Masfjorden ligg i toppsjiktet når det gjeld grunnskulepoeng. Elevane våre presterer under lands- og fylkesgjennomsnittet på nasjonale prøvar i 5. klasse, medan dei ligg rundt og litt over i 8. og 9.

Skulebygga er mellom 40 og 50 år gamle. Store investeringar i vedlikehald dei siste åra. Uteområda er av ulik storleik og ulikt tilrettelagt.

Masfjorden kommune er med i «Lokalsamfunn med MOT» og har gjennom dette oppnådd betra trivsel for elevane våre.

Skulane er aktive deltakarar i lokalsamfunnet. Godt samarbeid med kulturskulen. Bibliotek og Den kulturelle skulesekken blir brukt for å gje elevane våre gode kulturopplevingar.

Barnehage og skule ligg nær kvarandre og har eit godt samarbeid, m.a om overgang frå barnehage til skule. Tverretatleg samarbeid både på systemnivå og om einsskildelavar. Også godt samarbeid med lokale bedrifter og lag og organisasjonar.

Aktive og engasjerte foreldre, godt samarbeid heim-skule både om einsskildelavar og i formelle fora som FAU og skulemiljøutval.



UTFORDRINGAR

Nedgang i elevtalet. Små elevgrupper gjer at elevmiljøet av somme vert opplevd som «for lite». På den andre sida gjer små grupper det overkomeleg for læraren å sjå kvar einskild elev. Hovudmålet i kommuneplanen: Livskraftige bygder og auka folketal krev at me har attraktive oppvekstmiljø med kvalitet i undervisninga og eit breitt tilbod av aktivitetar på fritida.

Stigande gjennomsnittsalder på dei tilsette. Vanskar med å rekruttera pedagogar. Det faglege miljøet blant dei vaksne vert lite. Fagmiljøet på kvar skule er lite og sårbart. Nødvendig å bruka rett fagkompetanse på rett plass.

Masfjorden kommune har etter måten mange barn og unge med store, særskilde behov. Samstundes som desse representerer ein viktig ressurs i oppvekst- og lokalmiljøet, er det ei utfordring å få gitt denne gruppa den tilrettelegginga dei har krav på. Dette gjeld både spesialpedagogisk kompetanse, kulturell stimulering og ikkje minst fysisk tilrettelegging av både bygningar og uteområde.

Små elevgrupper gjer det vanskeleg å organisera eit valfagtilbod utover minimum. Kan det vera ein ide å samla ungdomsskuleelevane til «valfagdag» ein dag i veka gjennom heile skuleåret.

PPT

Sidan 2007 har Masfjorden kommune vore med i PPT-samarbeidet i Ytre Sogn og – Sunnfjord saman med kommunane Gulen, Solund, Høyanger, Balestrand, Hyllestad, Fjaler og Askvoll og Sogn og Fjordane fylkeskommune. Dei to «hovudkontora» ligg i Gulen og i Fjaler. Det er tilsette i alle kommunane.

Fagkompetansen i samarbeidet er slik:

Psykolog:	200 %
Sosionom:	100 %
Logoped:	290 %
Spesialpedagog:	450 %
Master i pedagogikk:	100 %
Vakant spes.ped.stilling:	60 %

Kvar kommune har arbeidsgjevaransvar for sine tilsette. Masfjorden kommune har logoped i 50 % stilling. Elles nyttar me oss av fagpersonane både ved kontoret i Gulen og i Fjaler.

Masfjorden lønnar logoped i full stilling og får refusjon på 50% stilling frå Gulen kommune. Elles betalar me årleg kr 120000 til Fjaler kommune som ein del av finansieringa av PP-tenesta.

Kvar skule og barnehage har sin kontaktperson i PP-tenesta. Denne har hovudansvaret for kontakten mellom PPT og skule/barnehage. Med få unntak vert arbeidet med nytilmelde saker starta opp innan 4 veker.

UTFORDRINGAR

Vakanse i stillingar har til tider medført ventetid. Det har vist seg vanskeleg å rekruttera personale til ledige stillingar. Det fører til stor arbeidsbelastning på personalet i periodar med vakanse/sjukmeldingar.

Utfordringa har ikkje vore oppstart av saker innan fristen på 4 veker, men for ein del saker å klara å få behandla dei innan rimeleg tid.

Samarbeidet mot helse/BUP

Tilmelding til BUP skjer gjennom helse eller barnevern. PPT må gjera eit grundig arbeid før saka vert send til helse til vidare tilmelding til BUP. Også i høve til kartlegging/utgreiing hjå StatPed trengst det eit grundig førehandsarbeid frå PPT. Dette vil nødvendigvis ta tid, og denne ventetida vil kjennast lang både for dei som treng hjelp og for deira næraste.

Tverrfagleg samarbeid

Oppvekst er representert i tverrfagleg støtteteam der me elles finn representantar for helse, omsorg, barnevern, kyrkja, politiet og NAV. Den einskilde skule og barnehage samarbeider tverrfagleg med helse, barnevern og PPT om enkeltbarn. MOT er eit tiltak som også går på tverrfagleg samarbeid

Oppvekstteam er oppretta i kvart oppvekstområde.

Utfordringar

Å komma tidleg nok i gang med tiltak som gjeld einskildbarn og grupper av born. Tilrettelegging av tilbod for ungdommar med spesielle behov etter at dei er ferdige med vidaregåande opplæring. Samarbeid om tilbod til elevar som droppar ut av vidaregåande opplæring.

Interkommunale tilbod

Kommunen samarbeider med instansar utanfor kommunen om tiltak for barn og unge med særskilte behov. Læringscenteret i Lindås kommune er brukt ein del. Kommunen har òg samarbeidsavtale med StatPed.

Utfordringar

Det vil alltid vera ei utfordring med økonomien. Ein må sjå det opp mot det faglege tilbodet eleven får.

Idrettsskulen

STATUS

Tilbod for 2.-7.klasse. 74 elevar pr 01.01.14. Mellom 55 og 75% av elevane i aktuell alder deltek.

Desentralisert undervisning. 2 grupper på kvar av skulane får tilbod om 1,5t fysisk aktivitet kvar veke.

Undervisning ettermiddag i flukt med skule/SFO + to laurdagar pr.halvår etter utarbeidde årsplanar.

Dei fleste faste instruktørane er også lærarar i grunnskulen.

Innleigde instruktørar til laurdagskurs. Her samarbeider ein også med Idrettsrådet.

UTFORDRINGAR

Utvikla kvalitet i tilbodet. Å rekruttera instruktørar med kompetanse og personlege eigenskapar som stimulerer til allsidig læring, trivsel og stabilitet.

Organisering: Ein del aktivitetar krev meir tid enn 1,5 t. å iverksetja

Transport: Ein del aktivitetar føreset transport til/frå « arena». Laurdagssamlingane gir logistikkutfordringar

Målgruppe: Utvida tilbodet til fleire? Barnehage? Ungdomsskule?

Oppslutning: Oppretthalda elevtalet/prosentvis oppslutnad

Drift/administrasjon: Kvar og korleis skal skulen driftast?

Kulturskulen

STATUS

132 elevplassar pr. 01.01.14. Dei siste ti åra har elevtalet vore mellom 130 og 170.

12 timelærarar. Ca 4 årsverk.

Individuelle og gruppetilbod til 2.klasse – 3.vd. Nyttatidsressurs er 20 minutt pr veke for individuell undervisning og gruppetimar 30-60 minutt pr. veke.

Høg deltakingsprosent.

Kulturskulen er ein av bærebjelkane i det lokale kulturlivet. Solid fotfeste i kommunen sin kulturelle kvardag og stor leverandør av «kulturelle tenester» lokalt. Etablert samarbeid med skule, barnehage, lag og organisasjonar om fellestilltak, arrangement, kurs, lokalitetar, utstyr, sal av instruksjons- og dirigenttenester til lag, og underhaldningsbidrag.



UTFORDRINGAR

Oppretthalda og utvikla breidde og kvalitet i tilbodet.

Vera attraktiv for brukarane.

Ikkje berre musikktilbod, men tilby fleire kunstuttrykk, gjerne i samarbeid med andre (td. skule.)

Utvikla ein meistringsarena for fleire, ma. uorganisert ungdom og ungdom med særskilde behov. Kulturskulen er ei lita eining med relativt stor breidde i tilbodet, og difor svært personavhengig.

Få til prosjektbasert undervisning i praksis.

Utvikla samarbeid med heimane.

Lærarressursar er nøkkelen til kvalitet:

- Halda på kvalifisert arbeidskraft.
- Å rekruttera lærekrefter med høg fagleg kompetanse og personlege eigenskapar
- Sikra kombinasjonsstillingar med grunnskulen. Oppvekstområde med stabilitet i kombinasjonsstillingar har størst kulturskuleoppslutning

Samarbeid med lag og andre einingar:

- Stimulera rekruttering til lagslivet. Hjelpa til med å skapa kvalitet.
- Meir systematisk tenking rundt fellestiltak
- Faste møte haust/vår? (Musikkrådet nedlagt...)

Oppgradera undervisningslokale

Utstyr/rom-samarbeid.

Kultur og frivillig arbeid

STATUS

Fordeler årleg rundt 180 000 i ordinære kulturmidlar til om lag 40 lag og organisasjonar. Støtte til tiltak/arrangement. Meir enn halvparten av laga som får kulturmidlar er barne- og ungdomslag eller har mange barn og unge som medlemmer. Hovudaktivitetar innan idrett, song og musikk og kyrkjeleg relaterte aktivitetar.

Laga driv kulturelle aktivitetar og er kulturbidragstakarar, om enn i ulik grad.

Kommunen samarbeider med dei friviljuge laga om drift, arrangement, støtteordningar og anlegg.

Barne og ungdomslag bidreg kunstnerisk og som tekniske arrangørar.

Regionalt og nasjonalt samarbeid: UKM, Rikskonsertene, Den kulturelle skulesekken

Hovudmålsetjinga til kommunen er å støtta opp om dei aktivitetane som laga sjølv ser er liv laga.

UTFORDRINGAR

Lågt folketal. Nedgang i barnetal gjer laga små. «Tordenskjolds soldatar». Fare for slitasje på foreldrenivå

Involvering av aldersgruppa 15-30. Oppretthalda dugnadsånd

Kompetente/ engasjerte lærekrefter/leiarar. Opplæring av instruktørar

Kor mykje kan ein oppretthalda i ein så liten kommune?

Barnevernstenesta

STATUS

Barnevernstenesta har per i dag ei bemanning som sikrar at lovpålagte tidsfristar for gjennomgang av meldingar og gjennomføring av undersøkingar vert haldne.

Dei tilsette har både formell kompetanse, vidareutdanning og erfaring innan fagfeltet. Tenesta har bestått av 100% stilling som leiar og 80% stilling som barnevernskonsulent. Frå januar 2014 har me eigd 50% av ei 100% stilling som barnevernskonsulent saman med Gulen.

Barnevernstenesta i Masfjorden tek i mot 13-20 meldingar pr. år. Kven som melder varierer litt.

Barnevernstenesta er ein del av det kommunale tverrfaglege støtteteamet og kriseteamet.

Utfordringar

Barnevernstenesta kjem for seint inn i ein del saker. Det går for lang tid frå bekymring til melding blir gitt til barnevernstenesta. Barnehage og skule har lågare terskel for å kontakte helsetenesta enn barnevernet. Ikkje så tett jobbing inn mot skule, barnehage og PPT som ein kunne tenkt. Klarer ikkje å jobba nok generelt førebyggjande saman med dei nemnde instansane. Å få utnytta kompetansen godt nok.

Framtidig organisering ut frå storleik, kompetanse

Komma tidleg inn med tiltak for risikoutsette born

Tilby målretta, varierte og samtidige tiltak.

Finne meir effektive treffpunkt enn det me har per i dag mellom dei ulike etatane.



SLIK VIL ME HA DET I OPPVEKST I MASFJORDEN:

Overordna verdier for arbeidet med barn og unge:

- kvar einskild vert sett og verdsett som unike og likeverdige individ
- barn og unge vert møtt med varme, omsorg og respekt
- barn og unge vert møtt av trygge og tydelege vaksne som er profesjonelle i oppdragarrolla
- barn og unge vert møtt av trygge og føreseielege rammer
- barn og unge vert møtt av vaksne som har tid til dei
- barn og unge vert utfordra og får utvikla eigen styrke og eigne talent
- barn og unge opplever at tilsette i barnehage og skule samarbeider tett med føresette
- både i barnehage, skule og fritid blir barn og unge møtte av vaksne som har felles syn på læring og utvikling og som har same reaksjonsmåtar på uønska åtferd.

OVERORDNA MÅL OG DELMÅL



Overordna mål

(Dei overordna måla er formulerte i presens, som eit glansbilete på korleis me vil ha det.)

1 I Masfjorden kommune skaper me heilskap og identitet for barn og unge gjennom å samarbeida og samhandla.

Felles delmål for alle områda innan oppvekst

- Det er godt samarbeid og høg grad av samhandling mellom dei ulike instansane som er involverte i oppvekstmiljøet til barn og unge: helsetenesta, barnehage, skule og SFO, PPT, barnevern, kultur- og idrettsskule og det frivillige arbeidet i lag og organisasjonar

- Alle dei nemnde instansane har eit godt samarbeid med heimane. Foreldre har reell innverknad på kvardagen til barna også i den tida andre enn foreldra har ansvar for opplæring og aktivitetar som vert tilbydd
- Helsetenesta har saman med barnehage/ skule og PPT eit samordna system for å avdekke hjelpebehov og setje inn tiltak tidleg og behandla saker innan rimeleg tid.

Barnehage, skule og SFO:

- Det er gode overgangar mellom barnehage og skule, mellom hovudstega i skule og mellom grunnskule – vidaregåande skule
- Barn og unge lærer å kvarandre å kjenne på tvers av skular og bygdelag
- Både i skule og barnehage er det ein aktiv bruk av nærmiljøet. Lokalhistorie og lokale tradisjonar har ein viktig plass i årsplanane, likeeins samarbeid med det lokale næringslivet
- SFO er ein viktig lærings- og utviklingsarena med eigenverdi, men byggjer samstundes på dei same verdiane som skulen
- Unge i Masfjorden er godt budde til vaksenlivet og har sjølvstendige og bevisste haldningar til bruk av rusmiddel

Kulturskulen

- Masfjorden kommune sikrar kombinasjonsstillingar med grunnskulen

2 Masfjorden kommune har gode, trygge læringsmiljø og høg trivsel innan oppvekst

Felles delmål for alle områda innan oppvekst

- Masfjorden kommune har mobbefrie oppvekstmiljø
- Barn og unge møter trygge og tydelege vaksne i barnehage, skule, SFO og i andre organiserte fritidsaktivitetar
- Barn og unge har eit fysisk miljø som stimulerer til aktivitet og læring
- Kulturskule, bibliotek, idrettslag, helselag og andre lag og organisasjonar samarbeider med barnehage og skule for å stimulera til kulturell aktivitet og mangfald.
- Masfjorden har engasjerte foreldre som samarbeider aktivt med barnehage, skule, SFO, lag og organisasjonar både om det sosiale og fysiske miljøet til barn og unge

Barnehage, skule og SFO

- Barn og unge har bygningar og uteområde som stettar krava i forskrift om miljøretta helsevern
- Barnehagen er ein viktig arena for å byggja sosial kompetanse
- Skulane i Masfjorden har aktive og engasjerte elevråd med reell medverknad i skulesamfunnet

Kulturskulen

- Godt samarbeid med skulane for å sikra gode undervisningslokale

3 Masfjorden har høg fagleg kvalitet i opplæringa av barn og unge

Felles delmål for alle områda innan oppvekst

- Tilsette i Masfjorden som arbeider med barn og unge, har høg fagleg kompetanse
Med fagleg kompetanse meiner ein både fagspesifikk -, metode- og relasjonskompetanse
- Alle med leiaroppgåver i det offentlege tenestetilbodet har formell og reell kompetanse innan leiing
- Masfjorden kommune har gode vilkår for etter- og vidareutdanning
- Det vert arbeidd systematisk med oppdatering og vidareutvikling innan IKT både når det gjeld kompetanse og utstyr

Barnehage, skule og SFO

- Styrarar og rektorar har tid til både administrativ og pedagogisk leiing
- Det er barnehagelærarar og fagarbeidarar på kvar avdeling i barnehagen
- Barnehage og skule har eit systematisk samarbeid om språkstimulering og førebuande lese-, skrive- og rekneopplæring
- Det vert arbeidd systematisk med dei grunnleggjande dugleikane på alle stega i grunnskulen

Kulturskulen

- Rektor har tid til både administrativ og pedagogisk leiing

Idrettsskulen

- * Det må finnast ein meir effektiv administrasjonsmodell for idrettsskulen

4 Barn og unge i Masfjorden opplever meistring og utvikling gjennom ei tilpassa opplæring

Felles delmål for alle områda innan oppvekst

- Alle tenestene innan oppvekst har eit nært og tett samarbeid når det gjeld å ivareta det einskilde barnet sine behov. Ut frå sitt kompetanseområde skal kvar teneste åleine og i samråd med foreldre og andre instansar innan oppvekst gjere sitt beste for at kvart barn får utvikla seg optimalt ut frå eigne føresetnader.
- Skape meistringsarenaer for alle born og unge uavhengig av funksjonsnivå

Barnehage, skule og SFO

- Det er spesialpedagogisk kompetanse i barnehage og skule i alle oppvekstområda
- Barn med særlege behov vert fanga opp og får hjelp tidleg

5 Masfjorden kommune vektlegg tverrfagleg samarbeid og samordning av planar for å oppnå kvalitet og effektiv ressursbruk

Felles delmål for alle områda innan oppvekst

- Alle områda innan oppvekst samhandlar internt og eksternt for å nytta tilgjengelege ressursar til å oppnå høg kvalitet på tilbodet.

Korleis løyser me problemstillingane som finst i sektoren?

Me har dei seinare åra hatt få søkjarar til ledige lærarstillingar. Det er stor etterspørsel etter nyutdanna lærarar, og me konkurrerer med kommunar i meir sentrale strom. Det er ikkje noko som tyder på at den konkurransen vil bli mindre i åra som kjem. Kommunen må ha ein strategi for korleis ein kan ha nok kompetanse i skulen. Ei samanslåing av ungdomssteg vil gjere oss mindre sårbare når det gjeld rekruttering og kompetanse. Me har i dag lærarar med fordjuping i alle viktige fag. Med den rekruttering me har, er det ikkje sikkert me klarer det i framtida. Ved å slå saman to eller tre skular, vil me kunne halda oppe det faglege nivået, sidan me vil trenga færre lærarar i kvart einskilt fag. Der me i dag må utdanne til dømes seks lærarar i norsk, kan ein ved felles ungdomsskule klare seg med to. Dette vil løyse noko av problemet me har med rekruttering i skulane. Rekruttering av pedagogisk personale til barnehage vil framleis vere utfordrande.

Skulane våre er i dag fâdelte, men me har i liten grad opplæring og utdanning som er retta mot slike skular. Høgskulen i Bergen og Norsk lærerakademi er per i dag samarbeidspartnarane våre for etter og vidareutdanning. Om ein tek sikte på ein litt annan modell med større samarbeid mellom skule og barnehage og tilrettelegging for aldersblanding på klassetrinna, kan samarbeid med Høgskulen i Sogndal og Høgskolen i Nesna, som begge har undervisning retta mot små oppvekstmiljø, vere tenleg. I tråd med dette kan ein òg sjå nærare på å rekruttera direkte og meir målretta frå desse utdanningsinstitusjonane for å få den kompetansen me treng.

For ungdom i Masfjorden er oppvekstmiljøa framleis små og sårbare. Overgangen til vidaregåande vert stor når ein kjem frå 10 års skulegang med under 10 klassekameratar. Frå elevane er det fleire gonger og i ulike samanhengar blitt peika på at dei synest miljøet i klassane og på skulane blir litt lite, og at dei ynskjer å vera meir saman med jamaldringar frå dei andre skulekretsane. Dette er eit moment som politikarane må ta med seg når dei skal ta stilling til eventuelle endringar i skulestrukturen. I våre små miljø på kvar skule er det lett for at nokre elevar fell utanfor og har vanskar med å finna venner. Sjølv om me slår ungdomssteget saman, vil det berre vera mellom 15 og 25 elevar i kvar klasse, men sjansane er likevel større for at ein elev kan finna likesinna i ein slik klasse enn når det er 5-7 elevar i klassen. Statistikken fortel oss at me vil ha tre små skular med til saman 187 elevar skuleåret 2019-20. Ungdomssteget på kvar av skulane Matre og Sandnes vil då ha under 20 elevar totalt. Elevtalet på fleire klassesteg vil vera nede i 2 elevar. Det er ikkje sikkert at det er godt å vera elev i eit slikt lite miljø. Ungdomssteget vil utgjera berre ein klasse pga elevtalet.

Valfag i ungdomsskulen vart innført på nytt frå og med skuleåret 2012/13. Valfag blir innført trinnvis. Frå og med skuleåret 2014-15 skal alle elevar på ungdomssteget ha 57 timar valfag kvart år, i alt 171 timar over 3 år. Skuleeigar avgjer kva valfag den einskilde skulen skal tilby. Skuleeigar pliktar å setja i gang to ulike valfag pr. skuleår ved kvar skule. Det er utvikla nye læreplanar til valfaga. Timane som er sette av til valfag kan i staden brukast til å ta fag frå vidaregåande opplæring. (Rundskriv 1-2013 frå Udir). Kravet om at kvar skule skal setja i gang to ulike valfag pr. skuleår skaper vanskar for våre små skular. I tillegg er det ei dyr ordning. Ein må då i utgangspunktet bruka 4 lærartimar kvar veke på kvart klassesteg på kvar skule til valfag i grupper som er svært små, i alt 12 timar. Det vil bli lettare og billigare å ha eit godt valfagtilbod på ein større skule.

I prosjektet «Betre læringsmiljø» arbeider kvar skule med å skapa eit trygt og inkluderande miljø for alle elevar. Korleis vil det arbeidet bli påverka av ei endring i skulestrukturen? Dei skulane som vert utan ungdomssteg, vil få eit mykje «fattigare» miljø både for elevar og lærarar. Ungdomssteget er utan tvil ein miljøskapar på kvar skule. Det spørst òg kor attraktivt det vil vera å vera barneskulelærar på ein liten barneskule med få tilsette. Dersom kommunestyret vedtek ei samanslåing av ungdomssteget, vil det vera naturleg å samordna leiing av skule og barnehage i dei kretsane som vert utan ungdomssteg. Det kan òg vera aktuelt å leggja administrasjon av idrettsskulen til ein av rektorane.

Kulturskulen er ein viktig part i skulemiljøet og kulturlivet i vår kommune. Vil ei sentralisering av ungdomssteget òg føra til ei sentralisering av kulturskuletilbodet?

Alle skulane våre er med i prosjektet «Betre læringsmiljø». Kvart år deltek 7. og 10. klasse i «Elevundersøkinga» som er eit nasjonalt verktøy for å kartleggja ulike sider læringsmiljøet, m.a. trivsel og mobbing. I desse undersøkingane har skulane hatt forholdsvis høge mobbetal i prosent. I elev- og utviklingssamtalar melder likevel dei aller fleste elevane om god trivsel. Masfjorden kom

bra ut på Ungdata undersøking blant 8. og 10.-klassingar i 2013 samanlikna med landet elles. Likevel ser barnevernstenesta at det er barn og unge i Masfjorden med utfordringar me burde jobba meir tverrfagleg rundt. Når dei er i kontakt med familiar og samarbeidspartnarar får dei inntrykk av at me har barn og unge som slit med: Einsemd, å finne venner og kjenne seg sosialt inkludert, uro i klasesituasjonen, sinneproblematikk, utfordringar med sosial kompetanse, ungdom som strevar med overgang til vidaregåande, ungdom som fell ut av vidaregåande, prestasjonspress – vere best i alt (spesielt for jenter), lita tiltru til og interesse for faglege prestasjonar og lesing (spesielt for gutar).

Fagleg og sosial utvikling vert på mange måtar to sider av same sak fordi den sosiale utviklinga er med på å prege den faglege. Tidleg innsats er avgjerande for korleis barn utviklar seg, lærer å lesa og skriva, og klarer å gjennomføre eit skuleløp ut vidaregåande. Tidleg innsats er òg avgjerande for å oppdaga og gjera noko med sosialt samspel og åtferdsvanskar. Den kartlegginga og oppfølginga borna får i barnehagen er avgjerande for kva hjelp dei får vidare i skulen. Her kan samarbeid mellom oppvekst og helse, og utvikling og bruk av standardiserte opplegg vera til hjelp. Samarbeid mellom skule, barnehage, helse, barnevern og PPT er viktig.

Også den fysiske omverda har innverknad. Den fysiske utforminga av areala våre verkar inn på både folkehelse og på korleis ein kan samle lokalsamfunnet, ikkje minst born og unge. Er me ein god kommune å veksa opp i, der det òg er rom for uorganisert aktivitet? Korleis er dei fysiske areala lagt opp og planlagt? Legg dei til rette for at områda skal kunne brukast flittig og vere både møtestader og område for fysisk aktivitet? Kan det å ha godt utforma areal vere med på å redusere behovet for organisert aktivitet i skuledagen?

Omsynet til elevane sitt sosiale liv, trong for personale med rett og tilstrekkeleg fagleg kompetanse og økonomi talar for å samla ungdomssteget i kommunen på ein skule. Det som talar mot, er avstandar og reisetid. Er ei reisetid på 40 min kvar veg akseptabel? Er ei reisetid på 55 min kvar veg for lang? Dette må politikarane drøfta og ta stilling til.



Barnehagar, skular og lokalsamfunnet

Barneskular og barnehagar er i ei særstilling i at dei når breie grupper av innbyggjarane våre: born, foreldre, tilsette og i noko grad besteforeldre, og dei har ei særskilt rolle som møtepunkt for lokalsamfunnet. For attraktiviteten til dei ulike bygdene er desse to institusjonane nærast for grunnsteinar å rekne og dei har stor innverknad på om folk ønskjer å flytte heim eller ikkje. Folk kan gjerne bu desentralt så lenge desse tilboda finst i nærområdet (Distriktsenteret). Det er ikkje forska på kva effekt nedlegging av ungdomssteg har på skulen eller lokalsamfunnet. Det er heller ikkje forskingsdata som viser i kva grad nedlegging av skular verkar inn på tilflytting til ein stad eller om folk flyttar vekk.

Eit av dei viktigaste måla i samfunnsdelen av kommuneplanen er folketalsauke. Kor attraktive er våre lokalsamfunn for barnefamiljar? Har me eit barnehage- og skuletilbod som får unge familjar til å velja å slå seg til her? Vil ein annleis skulestruktur føra til endringar her?

Korleis tenkjer skular og barnehagar om seg sjølve som ein del av lokalsamfunnet og korleis er dei medvitne på si rolle til å skape band mellom næringsliv og utdanning? Kommunar som har lukkast med dette, har større grad av tilbakeflytting etter avslutta utdanning. Dette er eit felt der skulane må meir på bana.

Me er stolte av eit oppvekstmiljø der

- * barn og unge får veksa opp i trygge og stimulerande omgjevnader heime, i barnehagen, i skulen og på fritidsarenaer
- * barn og unge får høve til å samarbeida og samhandla med andre, både jamaldringar og på tvers av aldersgrupper
- * heim, barnehage og skule samarbeider for at kvart barn skal få utvikla eigne evner og læringspotensiale
- * tilsette i barnehage og skule samarbeider tett med føresette, framhevar ressursane deira, ansvarleggjer dei og gir dei støtte og oppfølging etter behov
- * barn og unge opplever at praktisk og teoretisk dugleik vert verdsett like høgt
- * barn og unge møter utfordringar og opplever meistringsglede på ulike arenaer innan kultur og idrett
- * dei ulike offentlege tenestene knytt til barn og unge sine oppvekstvilkår har eit nært og godt samarbeid i både det førebyggjande arbeidet og i situasjonar som krev spesielle tiltak
- * dei unge som går ut av grunnskulen har kunnskap, sjølvtilitt og mot til å ta fatt på vidaregåande utdanning og dei beste føresetnadane for å fullføre denne